



ÅLESUND KOMMUNE

# Årsplan

Barnehageåret 2023-2024  
Harøy barnehage



*Figur 1 Utsikt frå Harøyburet mot nord*

***Open, engasjert og modig***





## Innhald

Innhald.....	3
Føremålet med barnehagen sin årsplan .....	4
Årsplanen sin funksjon .....	4
Barnehagen sitt samfunnsmandat .....	4
Harøy barnehage.....	5
Visjon.....	6
Verdiar.....	6
Barnehagen sitt innhald .....	7
Barnehagen sine satsingsområder .....	12
Årshjul.....	13
Barns medverknad.....	14
Samarbeid mellom heimen og barnehagen .....	15
Samarbeid mellom barnehagen og andre aktørar .....	17
Teieplikt, opplysningsplikt og avvergeplikt .....	18
Overgangar .....	18
Barnehagen som pedagogisk verksemd.....	21
Arbeidsmåttane til barnehagen.....	25
Fagområda.....	26
Kjelder .....	34

## Føremålet med barnehagen sin årsplan

**Årsplanen er eit arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og dokumenterer vala og grunngevingane til barnehagen**  
(Rammeplan for barnehagen - innhald og oppgåver, 2017, s. 37)

Barnehagen er ei pedagogisk verksemd der innhaldet skal planleggast og vurderast. Barnehagen sitt pedagogiske arbeid skal vere grunngjeven i Barnehagelova og i Rammeplanen. Med utgangspunkt i Rammeplanen skal barnehagen sitt samarbeidsutval fastsetje ein årsplan for den pedagogiske verksemda.

Det vert utarbeidd ein årsplan for kvart barnehageår i kvar barnehage. Årsplanen vert publisert på nett og sendt ut på e-post til alle foreldre og føresette når den er fastsett. Årsplanen ligg til grunn for vidare arbeid med planar for kortare og lengre tidsrom, og for ulike barnegrupper ved behov.

## Årsplanen sin funksjon

Årsplanen skal synleggjere korleis barnehagen omsett barnehagelova i praksis, og arbeider målretta for å sikre det pedagogiske arbeidet. Ifølgje rammeplanen har planlegging av barnehagen sitt innhald og arbeid fleire funksjonar:

- Personalet får grunnlag til å tenke og handle systematisk i det pedagogiske arbeidet
- Det gjev kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa
- Synleggjer barnehagen si tolking og realisering av rammeplanen
- Gjev utgangspunkt for refleksjon og utvikling av verksemda

Barnehagen sin årsplan er også eit viktig dokument for eigar og myndigheitene si oppfølging og tilsyn med barnehagen. Den er nyttig å bruke i samarbeid med føresette og andre samarbeidspartnarar.

## Barnehagen sitt samfunnsmandat

**Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.**

Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering

(Barnehagelova, 2005, §1.Formål)

## Harøy barnehage

Barnehagen ligg på Harøy, og er ein del av Verksemd barnehagar Sandøy, Skodje og Ørskog, saman med Prestemarka barnehage, Skodje barnehage, Stette barnehage, Valle barnehage og Årøyhaugen barnehage. Barnehagen er plassert på Huse, med IP Huse hallen som næraste nabo. Like ved ligg Harøy stadion og Sandøyhagen med skule, bibliotek og gymsal. Det er kort veg til fjøre og skog, og saman med foreldre er det opparbeidd eit tur- og leikeområde i Mummiskogen 10 min. frå barnehagen. Butikk og kommunedelssenteret på Steinshamn ligg ca 20 min gåavstand unna.



Harøy barnehage vert driven som avdelingsbarnehage, og størrelse på barnegrupper og fordeling av barn over og under 3 år vert tilpassa den alderssamansettinga vi til eikvar tid har i kommunedelen, og for å skape så gode pedagogiske rammer som mogleg for alle barna. I hovudbygget ligg avdelingane Hummaren, Sjøhesten, Kamskjelet og Sneglehuset. Hummaren og Sjøhesten er avdelingar for barn mellom 1-3 år, og Kamskjelet og Sneglehuset er avdelingar for barn mellom 3-6 år.

<b>Kommunalområde oppvekst</b> Kommunalsjef - Bjørn Ivar Rødal, Seksjonssjef barnehage - Evy K. Seth	
<b>Verksemd barnehagar Sandøy, Skodje og Ørskog</b> Janne Aamelfot - verksemdsleiar	
<b>Harøy barnehage</b> Ingrid Huse - styrar	
<b>Kamskjelet 22 barn (3-5 år)</b> Irene F. Breivik og Heidi J. Eik - pedagogisk leiar	<b>Sjøhesten 14 barn (1-3 år)</b> Anna Breivik - pedagogisk leiar
	Barnehagelærer: Josefine Finnøy Naas
Fagarbeidarar: Berit Balstad	Fagarbeidarar: Torill Vassgård, Tonje Breivik og Ingunn Huse
Assistent; Mette Elin Finnøy	
Praksis plass; Marte Linningsvoll	
Vikarar: Ruth Otterlei, Berit Eidem, Åshild Orten, Ewa Piasecka, Mary Grace Heinesen, Ane Sofie Huse, Inger-Karin Eidem Flem, Lea Sophie Røer, Synne Magerøy, Rakel Måløy	Vikarar; Ruth Otterlei, Berit Eidem, Åshild Orten, Ewa Piasecka, Mary Grace Heinesen, Ane Sofie Huse, Inger-Karin Eidem Flem, Lea Sophie Røer, Synne Magerøy, Rakel Måløy

## Visjon

### Visjon i eigen barnehage:

Med leikande barn i eit trygt, omsorgsfullt og inkluderande fellesskap, bygger vi oppleving av å høyre til

## Verdiar

### Verdiane til Ålesund kommune: Open – modig – engasjert

For personalet i Harøy barnehagen tyder dette:

- **open** tyder å vere positiv og raus, open for nye utfordringar og kompetanseutvikling, vere mottakeleg og lyttande til andre sine perspektiv og innspel, vere tilgjengeleg, samt fleksible både i høve å vurdere behov og bruk av ressursar. Open tyder og å vektlegge mangfald og vere open for ulike kulturar og ulike måtar å vere på.
- å vere **modig** tyder å våge, tørre å ytre meiningane våre og stå opp for oss sjølv og andre. Det inneber å vere positiv til endring, vere proaktiv, sjå det positive i nye utfordringar og tørre å gå utanfor komfortsona. Vi legg vekt på å tørre å nytte eigen kunnskap og erfaring og vere i flytsona. Å vere modig tyder å ha relasjonelt mot og tørre å ta opp vanskeleg ting med kvarandre. Ein føresetnad for å vere modig, er å kjenne seg trygg og oppleve tilhørighet.
- **Engasjert** inneber å vere motivert og positiv til aktivitet, vere interessert i barna, kollegaer og arbeidsoppgåvene, vise glede og entusiasme i arbeidet, vere begeistra og fokusert. Samarbeidsvillig og løysingsorientert er og ein del av å vere engasjert, samt å vere aktive vaksne i leik og samspel med barna, i personalmøter, i samspel med andre i barnehagekvardagen og i foreldresamarbeid.

### Verdigrunnlaget i Rammeplan for barnehagen

**Barn og barndom – Demokrati – Mangfald og gjensidig respekt – Likestilling og likeverd – Berekraftig utvikling – Livsmestring og helse**

For oss i Harøy barnehage inneber verdigrunnlaget i Rammeplan for barnehagen med anna:

- å ta barna på alvor
- å vere omsorgsfulle og inkluderande med fokus på tryggleik, trivsel og gode opplevingar i kvardagen for alle barna
- å ha ein positiv, imøtekomande, raus, engasjert og anerkjennande veremåte i personalet
- at alle er forskjellige og har ulike behov, men er like viktig i fellesskapet
- at vi legg vekt på å behandle barna på ein slik måte at dei får meir jamne føresetnader for å delta, samt å gje særskilt tid og rom for barn som har det vanskeleg
- at personalet nyttar kompetansen sin i arbeidet, og kontinuerleg reflekterer over eigen pedagogisk praksis, og evaluerer tiltak og planar

## Barnehagen sitt innhald

Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna. (Rammeplanen kap 3)

### Omsorg – leik – danning – læring – vennskap og fellesskap - kommunikasjon og språk

I Harøy barnehage tek vi utgangspunkt i det heilskaplege læringssynet (Håberg 2016) og ser læring, leik og omsorg som tre likeverdige delar som er gjensidig avhengig av kvarandre og som går hand i hand. Læringssynet inneber at vi vektlegg både den sosiale og pedagogiske funksjonen i barnehagen, og at vi arbeider ut frå prosessmål og læringstypar som ikkje alltid kan målast. Vi legg til rette for og følger med på utviklinga til alle barn, men legg samstundes vekt på å ikkje sette resultatmål knytt til barna sine ferdigheiter.

Det heilskaplege læringssynet inneber vidare at innhaldet i barnehagen vert gjenspegla gjennom heile barnehagekvardagen, og at både kvardagssituasjonar, frileik og vaksenleia aktivitetar er sentrale.

- Kvardagssituasjonar er dei kvardagslege og rutineprega situasjonane som gjentakast kvar dag som måltid, påkledning, stell og bleieskift.
- Frileik er økter i dagen der barna sjølv initierer til leik og aktivitet.
- Vaksenleia aktivitetar er aktivitet der det oftast er eit innhald som skal framstillast for barna, og personalet organiserer tid, stad og barnegrupper. Personalet har og eit leiarskap i aktiviteten.

Dagsrytma i barnehagen vil variere noko frå småbarnsavdelingar og storbarnsavdelingar med utgangspunkt i barna sine behov, men vi tek utgangspunkt i følgjande felles grunnrytme. Alle klokkeslett, med unntak av opne- og stengetid, er fleksible.


7.00	Barnehagen opnar God morgon og velkommen
8.00	Vi et frukost Vi leiker inne
9.00	Uteleik / Inneleik Diverse aktiviteter leia av personalet Turar og utflukter i nærmiljøet
11.00	Måltid Bleieskift og stell ved behov Sove / kviletid for dei som treng dette (dersom barna treng å sove fleire gongar for dag, tilpassar vi dagen til dette. For dei som etter kvart ikkje vil ha behov for soving prøver vi og å tilpasse oss til dette) Uteleik (avdelingar for større barn)
14.00	Lettare måltid med påsmurt mat og godt med frukt Vi leikar inne eller ute Vi ryddar og tek avskjed for dagen
16.30	Barnehagen stenger

## Barnehagen skal vareta barnas behov for omsorg

I Harøy barnehage meiner vi at omsorg handlar om at barna skal verte møtt med respekt, varme og omsorg, og at dei skal kjenne seg sett, føle seg trygg og få dekkja sine behov.

I kvardags situasjonar legg vi med anna vekt på å:

- *Sjå og lytte for å skape eit godt samspel (augekontakt, dialog, kroppsspråk)*
- *Trøste, støtte og oppmuntre barna når dei er lei seg.*
- *Ha gode samtalar med barna (stellesituasjon, måltid, samling)*
- *Kjenne barnet og dekke kvart einskild barn sine behov (sovetid, stell, mat, bringing og henting)*
- *Støtte og oppmuntre barna til å bli sjølvstendige*
- *Gje barnet tid*
- *Planlegge og reflektere over vaksenrolla i forskjellige kvardags situasjonar for å være til stades for barna med engasjement og samanhengande merksemd*



I frileik legg vi med anna vekt på å:

- *Vere observerande og støttande i leiken (vere rundt barna og sjå kva tid dei har behov for hjelp)*
- *Sjå til at ingen barn vert utestengt og evt hjelpe barnet/barna inn i leik (støttande stillas)*

I vaksenleia aktivitetar legg vi med anna vekt på å:

- *Tilpasse aktivitetane til barnegruppa*
- *Bidra til at alle barn vert inkludert*
- *Støtte, oppmuntre og gje ros*
- *Skape trivsel, glede og humor*
- *Vere en tilstadeverande vaksen*

## Barnehagen skal vareta barnas behov for leik, vennskap og fellesskap

Vi ser på leiken som viktig for barna si utvikling av sosial kompetanse, og leiken bidreg til at barna får erfaring med å samarbeide, forhandle, hevde seg sjølv, gi og ta, løyse konflikter, ta omsyn til kvarandre og vise empati. Leiken fremmar barna si utvikling av språk, og bidreg til at barna kan utvide ordforråd, kommunisere med andre, leike med ulike dialektar, og veksle mellom «her og no»- språk og «der og då»-språk. Vi meiner at leiken er ein hovudarena for barna si utvikling, og vi ønskjer at leiken skal ha stor plass i det gjennomgåande pedagogiske innhaldet.



Vi legg m.a. vekt på å:

- ta barna sin leik på alvor
- gje tid, rom og ro til leik i kvardagen, og unngå for mange oppbrudd
- gje barna tilgang på leikeutstyr og gode leikemiljø som inspirerer til ulike typar leik med utgangspunkt i barna sin alder og utvikling
- legge til rette for leik i mindre grupper, der barna vert kjent med kvarandre, finn leikevennar og etablerer vennskap
- vere gode rollemodellar og delta aktivt i leik, støtte i konflikter og arbeide for at alle er inkludert
- gje nye idear til leik gjennom opplevingar og erfaringar, samtale, bruk av bøker, eventyr og songar, og ulike lekekasser/ temakasser
- vere merksame på barna sine interesser og impulsar, vere fleksible og leikande, og gripe augeblikka

I Harøy barnehage ønsker vi å legge vekt på vennskap og opplevinga av å høyre til, og har arbeidd med å sette ord på kvifor vi meiner dette er viktig, kva som ligg i omgrepet, korleis barna opplever det når dette er tilstades, og kva personalet gjer for at dette skal skje.

### Tilhøyrslse

**Kvifor er dette viktig?**

Tilhøyrslse er viktig for å sikre at barna får ta del i og medverka i fellesskapet. Tilhøyrslse gjev tryggleik, og er viktig for identiteten. Oppleving av tilhøyrslse og å høyre til i fellesskapet, gjev ein betre barnehageværandag for alle barn og er eit grunnleggjande psykologisk behov.

**Kva tyder omgrepet?**

Tilhøyrslse tyder å vere saman, og å høyre til i barnegruppa. Det inneber å kunne vere seg sjølv i ei gruppe, vere trygg saman med andre og vise glede. Å oppleve tilhøyrslse vil seie å kjenne at ein høyrer til ein stad, at ein har ein stad det er godt å komme til, og ein stad ein kjenner igjen. Tilhøyrslse vil og innebære ei oppleving av kven vi er, kva identiteten vår er, og oppleving av kvar vi høyrer til.

**Korleis opplever barna dette?**

Glede og humor  
Leikande  
Viser tryggleik  
Verte forstått  
Tar å vere seg sjølv  
Vise fysisk glede (klem) når dei matstet om morgonen og når dei vert henta  
Kan gje klem til personalet når dei kjem på jobb

**Kva gjer vi?**

For å bidra til oppleving av tilhøyrslse må personalet vere anerkjennande; sjå barna, møte dei med blikk og smil, lese kroppsspråket deira og forstå dei. Personalet må ha ei positiv haldning til barna, sjå ressursane i kvar enkelt barn, og arbeide for å få med alle barna i leik, samspel og aktivitet. Personalet må legge til rette for gode relasjonar mellom barn, og mellom barn og personal, og skape felles opplevingar. Personalet må arbeide for at forendra skal oppleve tilhøyrslse til barnehagen.

### Vennskap

**Kvifor er dette viktig?**

Vennskap bidreg til kjensle av deltaking og fellesskap, som igjen bidreg til positiv sjølvkjensle. Å etablere og oppretthalde vennskap kan ferskygge uheldig og negativ utvikling. Vennskap er viktig for å utvikle sosiale ferdigheiter og sosial kompetanse.

**Kva tyder omgrepet?**

Vennskap er trygge relasjonar, basert på gjensidig respekt, omsorg, humor og glede, i leik og felles opplevingar, og gjev ei kjensle av tilhøyrslse.

**Korleis opplever barna dette?**

Glede, smil og latter  
Tryggleik  
Vennskap  
Tilhøyrslse  
Omsorg  
Leik

**Kva gjer vi?**

For å bidra til oppleving av vennskap må personalet vere gode rollemodellar, gje felles opplevingar, vere støttande stillas og autoritative. Vi er gode rollemodellar gjennom at vi stiller omsorg i måten vi utøver handlingane våre på, er med i leiken, inkluderer andre i leik, inviterer inn, har tid til andre, viser med kroppsspråk korleis vi skal vere ovanfor kvarandre. Som støttande stillas er vi nær barna, og observerer slik at vi er der når det trengs. Vi er autoritative gjennom å ha god balanse mellom varme/omsorg og regulering/kontroll, og vi er tydelege og forutsigbare slik at barna veit kva som er forventna av dei og at dei er trygge på kva dei kan forvente av oss.

## Barnehagen skal fremje danning

I Harøy barnehage ser vi på danning som ein prosess der barna skal kunne utvikle seg til den beste versjonen av seg sjølv, og at personalet må støtte barna i denne prosessen. Dette inneber med anna å stille spørsmål og yte motstand på andre sine vegne. Vi vil at barna skal vere nysgjerrige (vitelystne), utforskande, undrande, ta gode val, ha positiv sjølvkjensle, tenke sjølv og kunne stå opp for eigne synspunkt. Vi vil at barna skal lære å ta vare seg sjølv og andre menneske, på naturen, samfunnet og kulturen.

I kvardagssituasjonar legg vi med anna vekt på:

- *at barna skal verte sjølvstendige og ta ansvar i kvardagssituasjonane. T.d gjennom å kle på seg sjølv, rydde kopper på plass etter måltid, vaske hender før måltid og ved toalettbesøk, vente på tur*
- *at barna gradvis skal greie meir og meir*
- *Oppmuntre, vere støttande, gje ros når barna greier sjølv, vere interessert i det barna seier*
- *At personalet er gode samtale- og samhandlingspartnarar og gjev barna rettleiing gjennom t.d å stille gode spørsmål*
- *Varm grensesetting*
- *Legge til rette for forutsigbarhet*

I frileik legg vi med anna vekt på:

- *At barna etterkvart skal finne løysingar i konflikter sjølv*
- *Stille opne spørsmål*
- *Personalet som gode rollemodellar i leik, og som er tilstades, observerar og rettleiar ved behov*
- *At barna skal inkludere andre i leik, vente på tur, vere snille med kvarandre og vise omsorg*
- *Dramatisere situasjonar for barn og få barna med i refleksjonar og å finne moglege løysingar*

I vaksenleia aktivitet legg vi med anna vekt på:

- *Oppmuntre*
- *Legge til rette for leike i ulike grupper*
- *Ta utgangspunkt i det barna er interessert i*
- *Utvide barna sin kunnskap*

## Barnehagen skal fremje læring

I Harøy barnehage ser vi på læring som ein prosess som skjer gjennom leik og meiningsfulle opplevingar i sosialt samspel i barnehagekvardagen.

I kvardagssituasjonar legg vi med anna vekt på:

- *At personalet er støttande og anerkjennande, og har ein god balanse mellom å gje hjelp og å la barnet vere sjølvstendig*
- *Progresjon ut frå barnet sine føresetnader*
- *Å vere positive, blide og oppmuntrande*
- *Ta utgangspunkt i ressursperspektivet – sjå barna sine styrker og hjelpe barnet til å sjå egne styrker*
- *Mestring gjennom å ha både noko å mestre, men samstundes noko å strekke seg etter*
- *Å planlegge og legge til rette for læring gjennom å gje utfordringar i eit støttande miljø*
- *Bruke gjentaking og repetisjon til å modne kunnskapen hos barna. Nokre barn lærer mykje kunnskap og klarer å bruke den aktivt, mens andre barn lagrar kunnskapen og tar den seinare i bruk.*

I frileik legg vi med anna vekt på:

- *At personalet er støttande og anerkjennande gjennom å vere tett på, rettleie og gje leiken næring, samt å utvide leiken*
- *Inkludering gjennom å t.d hjelpe barn som står utanfor inn i leiken*
- *Ta utgangspunkt i ressursperspektivet – sjå barna sine styrker og bidra til at dei vert attraktive leikepartnarar.*

I vaksenleia aktivitet legg vi med anna vekt på:

- *At personalet er støttande og anerkjennande gjennom å legge til rette for aktivitet som stimulerer til nysgjerrigheit og mestring*
- *Barns medverknad gjennom å legge vekt på barna sine interesser og behov*
- *Progresjon ut frå barnet sin alder og føresetnader*
- *Å planlegge og legge til rette for læring gjennom å gje utfordringar i eit støttande miljø.*

## Barnehagen skal fremje kommunikasjon og språk

I Harøy barnehage ønsker vi å legge særleg vekt på språkmiljøet, og har arbeidd med å konkretisere sentrale element for språkmiljøet i kvardagsamtalen, i frileiken og i vaksenleia aktivitet.

The image shows three posters with a light green background and a dark green border, each detailing language environment strategies. The top poster is titled 'Språkmiljøet i kvardagsaktivitet'. The bottom-left poster is titled 'Språkmiljøet i frileik'. The bottom-right poster is titled 'Språkmiljøet i vaksenstyrt aktivitet'. Each poster has four sections: 'Kvifor er dette viktig?', 'Kva tyder omgrepet?', 'Korleis opplever barna dette?', and 'Kva gjer vi?'. The text is in Norwegian and provides specific strategies and goals for each context.

### Språkmiljøet i kvardagsaktivitet

**Kvifor er dette viktig?**

- Vakne som gode rollemodellar
- Skape eit variert språkmiljø der barna får oppleve glede ved å bruke språk og kommunisere med andre (R, pl s 48)

**Kva tyder omgrepet?**

- Bruke her-og-no- språk, og der-og-då- språk, innby til forteller glede
- Være ein-til-ein, bruke kroppsspråket
- Bruke glede, og tulle og tøve med ord

**Korleis opplever barna dette?**

- Glede og humor
- Blikk-kontakt
- Barna opplever felles glede
- Barna opplever anerkjennning, motivasjon til å snakke og fortelle

**Kva gjer vi?**

- Res og oppmuntring
- Tålmodige vakne som gjev barna tid
- Beserme og undre seg saman
- Bruke humor, tulle med ord
- Kvifor vi gjer òg innleiingsomande

### Språkmiljøet i frileik

**Kvifor er dette viktig?**

- Gjennom arbeid med kommunikasjon, språk og tekst skal barnehagen bidra til at barna
  - Uttrykker kjensler, tanker, meninger og erfaringar på ulike måtar
  - Bruker språk til å skape relasjonar og delta i lek, og som redskap til å løse konflikter

**Kva tyder omgrepet?**

- Personalet som inspirerer og legg til rette for eit godt språk- og leikemiljø inne og ute, spør felles referanserammer og hjelper barna til å utvikle leikskapital og strukturer til språkleg nysgjerrigheit

**Korleis opplever barna dette?**

- Glede og humor
- Trivsel og tryggheit
- Følgjer i lek
- Innsidering og deltaking i lek
- Værskap og tilhøyrsle
- Barn i flytende

**Kva gjer vi?**

- Aktive vakne som inspirerer
- Gode rollemodellar
- Støttande miljø
- Utvikle leikskapitalen
- Tilrettelagte for leikgrupper

### Språkmiljøet i vaksenstyrt aktivitet

**Kvifor er dette viktig?**

- Gjennom deling og samspel skal barna støttast i å kommunisere, medverke, lyde, forstå og sjåe mening
- Språkmiljøet er fundamentet i dette arbeidet i barnehagen, og barna i eit språkmiljø som støttar barna i språkutvikling og tryggheit og omsorg i relasjonar mellom barn og personalet, og at personalet er gode språkmodellar

**Kva tyder omgrepet?**

- Bidra til at barna sine initiativ, undring, nysgjerrigheit, kreativitet, læringstilt og tiltak til eigne evner, samt utvide barna sine erfaringar og sørge for progresjon og utvikling i forholdet i barnehagen
- Tilbede og beruste vakne, målretta aktiviteter

**Korleis opplever barna dette?**

- Mestringskjensle
- Trivsel
- God spåkjensle
- Vise interesse i deltaking
- Felles oppleving

**Kva gjer vi?**

- Tilbede vakne
- Ta utgangspunkt i barna sine interesser
- Regnedykde
- Vårerande metodar
- Bruke språket aktivt
- Bruke ASE
- Bruke kroppsspråk
- Utvikle leikskapitalen
- Glede og humor

## Barnehagen sine satsingsområder

### Miljøfyrtårn

FN's berekraftsmål danner utgangspunkt for arbeidet med Miljøfyrtårn i Ålesund kommune.



Barnehagen er sertifisert som miljøfyrtårn, og har følgjande miljømål i det pedagogiske arbeidet:

#### **Barn skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen**

For barnehageåret 2023/2024 vil overordna visjon, verdiar og innhald vidareførast i det miljøpedagogiske gjennom følgjande delmål:

- Barna skal få øve på sjølvstende i tråd med alder og føresetnader
- Barna skal utvikle evne til både å kunne hevde seg sjølv og kunne justere seg til fellesskapet
- Barna skal få erfaringar med å gje omsorg og ta vare på omgjevnadene og naturen

Nokre aktuelle tiltak for barnehageåret 2023/2024 er:

- Særskilt fokus på barn si deltaking og sjølvstende under måltid og opprydding etter måltid
- Fast struktur dagsrytme på avdelingane, samt vidareutvikle bruk av dagtavle og biletstøtte
- Tema / prosjekt med fokus på vennskap og tryggleik ved oppstart på hausten
- Gjennomføre miljødag om lag ein dag kvar månad; særskilt fokus på barns deltaking i reinhald av leiker, leikeboder, arbeid med Bokashi-bøtter, tilbereding av måltid m.m
- Gjennomføre miljøveke vår 2024; arbeid med såing av frukt og grønsaker, «Barna sin dugnadsdag» på uteleikeplassen, lære om kjeldesortering m.m.



**SERTIFISERT  
VIRKSOMHET**

## Språkutvikling og språkvanskar - ReKomp

Barnehagen deltek i ReKomp – Regional ordning for kompetanseutvikling for barnehagar, som skal bidra til at barnehagar utviklar pedagogisk praksis gjennom barnehagebasert kompetanseutvikling.

For barnehageåret 2023/2024 har vi vald å vidareføre temaet «Språkutvikling og språkvanskar».

Barns språk vert utvikla gjennom samspel og samtale med andre. Språkarbeid skjer gjennom heile barnehagedagen – gjennom møte mellom små og store menneske i rutinesituasjonar, spontane hendingar og planlagde aktivitetar. Språkmiljøet er fundamentet i dette språkarbeidet i barnehagen, og kjerna i eit språkmiljø som støttar barn si språkutvikling er tryggleik og omsorg i relasjonen mellom barn og vaksne, og at personalet er gode språkmodellar.

Hovudfokus for ReKomp-arbeidet er:

### Implementering av ASK som verktøy i det pedagogiske arbeidet

Vi ønsker å utvikle eit godt språkmiljø for alle barn og gje alle barn auka moglegheiter for kommunikasjon. Vi sett difor fokus på implementering av ASK både i det allmennpedagogiske og spesialpedagogiske arbeidet. Personalet som språkmodellar og personalet sin kompetanse i bruk av dagtavler, tematavler for kvardagssituasjonar og leikeaktivitetar, samt bruk av biletstøtte og teikn-til-tale / teikn-som-støtte i samspel og dialog med barn gjennom heile dagen vil vere sentralt. Det vil vere litt ulike behov for vidare spissing av tema og problemstilling for storbarn og småbarn, og arbeidet med rekomp synleggjerast vidare gjennom avdelingane sine tidslinjer.

## Årshjul



Barnehagen har eit felles, overordna årshjul, i tillegg til følgande målsettingar som skal vere retningsgjevande for avdelingane barnehageåret 2023/2024:

Storbarn:

- Barn skal ha varierte moglegheiter til å kunne uttrykke seg og verte forstått
- Personalet bruker språket i samspel med barna gjennom heile barnehagekvardagen
- Innarbeide gode rutiner og godt kommunikasjonsklima
- Legge til rette for at barn vert robuste og sjølvstendige
- Alle barn skal oppleve å høyre til og å ha vener

Småbarn

- Barna skal få god språkstimulering gjennom barnehagedagen, og delta i aktivitetar som fremmar kommunikasjon og heilskapleg utvikling
- Barna skal vidareutvikle motoriske ferdigheiter, kroppskontroll og koordinasjon
- Barna skal få god førebuing til og verte kjent i nye situasjonar
- Alle barna skal erfare å vere betydningsfulle, og vere i positivt samspel med barn og personal

## Barns medverknad

Barnehagen skal ivareta barna sin rett til medverknad ved å legge til rette for, og oppmuntre til at barna kan få uttrykke sitt syn på barnehagen sitt daglege innhald, jmf. Barnehagelova kap II- §3, grunnloven §104 og FN's barnekonvensjon artikkel 12 nr.1

I følge rammeplanen kapittel 4 skal barnehagen vere bevisst på dei ulike uttrykksformene til barna og leggje til rette for medverknad på måtar som er tilpassa alder, erfaring, dei individuelle føresetnadene og behova til barna.

I Harøy barnehage gjer vi det slik..

Vi legg vekt på å vere sensitive, lydhør og anerkjennande gjennom å observere, lytte og følge opp barna sine ulike uttrykk og behov, og legg vekt på å bygge vidare på barna sine interesser både i barnehagekvardagen og i planane. Vi ønsker å sette barna i fokus, og ta deira synspunkt og kjensler på alvor. Vi prøver å vere på leit etter det barna uttrykker, både gjennom ord, kroppsspråk og ansiktsuttrykk. Så langt det let seg gjere tilrettelegg vi barnehagekvardagen med utgangspunkt i barna sine interesser, behov og føresetnader.

Vi legg vekt på at barns medverknad handlar om å bli lytta til og forstått, og at medverknad er ein viktig faktor i sosial kompetanse. Dette vil seie at medverknad alltid må gå hand i hand med det å delta i og tilpasse seg til eit fellesskap og at barn ikkje skal få eit større ansvar enn dei er rusta til å ta. Vi legg vekt på å støtte barna i det å finne ein balanse mellom sjølvhevdning og sjølvregulering.

Foreldregruppa i Harøy barnehage trekker fram at barns medverknad inneber at barna får vere med og løyse problemer og sette grenser saman, at barna må få gje uttrykk for sine meiningar samstundes som vaksne rettleiar. Foreldra meiner og at gode rutiner er viktig, og at barna skal få tilbod om val når det er ting barna kan vere med og velje. Foreldra meiner det er viktig at barna får medverke på kva type mat barnehagen lagar til varmmat, kva aktivitetar vi skal ha, og temaområde/fokusområde ut frå barna sine interesser.

Å legge til rette for barns medverknad samstundes som vi legg til rette for gode og utviklande fellesskap til beste for alle barn kan vere utfordrande, og foreldre trekker fram felles dialog om grenser, grensesetting og konsekvenser som viktig i samband med dette. Vidare trekkast informasjon mellom heimen og barnehagen fram som sentralt. Foreldra legg og vekt på at barn i ei gruppe kan ønske forskjellige ting og har ulike behov, og at dette kan møtast ved å imøtekomme fleire ønsker, men til ulike tider.

## Samarbeid mellom heimen og barnehagen

Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg (Rammeplanen kap 5)

For å sikre samarbeid med heimen, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval.

Foreldrerådet bestend av foreldre/føresette til alle barna og skal fremje deira fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skapar eit godt barnehagemiljø.


Samarbeidsutvalet (SU) skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Samarbeidsutvalet bestend av foreldre/føresette og tilsette i barnehagen, slik at kvar gruppe er likt representert. Barnehagen sin eigar kan delta etter eige ønske, men ikkje med fleire representantar enn i kvar av dei andre gruppene.

Barnehageeigar skal syte for at saker av viktigheit vert lagt føre for foreldrerådet og samarbeidsutvalet.

Foreldreutvalget for barnehage (fub) er eit nasjonalt utval for foreldre som har barn i barnehage. Her finnast god informasjon, tips og råd om samarbeidet mellom heimen og barnehagen

I Harøy barnehage gjer vi det slik..

Vi legg vekt på at samarbeidet mellom barnehagen og heimen skal skje både på individnivå, med foreldra til kvart einskild barn, og på gruppenivå, gjennom foreldrerådet og samarbeidsutvalet. Barnehagen har eit ansvar for å forvalte samfunnsmandatet og verdigrunnlaget som er fastsett i Rammeplan for barnehagen og vi har som målsetting å sikre eit samarbeid til beste for barna. Barnehagen og foreldra har vidare eit felles ansvar for barna sin trivsel og utvikling, men samstundes har vi ulike roller og oppgåver ovanfor barna



Vi har fleire former for informasjon, medverknad og samarbeid:

<b>Samarbeidsarena</b>	<b>Innhald</b>	<b>Deltakarar og tidspunkt</b>
Samarbeidsutval	Saker som er viktig for innhaldet i og verksemda til barnehagen og for forholdet til foreldra Fastsetje årsplan og godkjenne barnehagerute, planlegge sommarfest, dugnad o.l. Referat frå møter leggst ut på IST dagleg dialog	Styrar Leiar og nestleiar i foreldreråd 2 representantar for tilsette Kvar haust og vår, elles ved behov
Foreldreråd	Fremje fellesinteressene til foreldra og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø	Alle foreldra i barnehagen Styrar kan inviterast til å møte Ved behov
Foreldrerådsstyre	Planlegge og arrangere foreldrerådsmøter	Leiar og nestleiar i foreldreråd 3 valgte medlemmar Ved behov
Foreldremøter	Generell informasjon Tilvenning og oppstart Val av foreldrerådsstyre Dialog og refleksjon omkring ulike fagtema	Styrar Alle foreldra Kvar vår
	Fagleg og pedagogisk innhald på avdelinga Foreldrearrangement for året Plan for overgang barnehage og skule (storbarnsgruppe) Dialog og refleksjon omkring ulike fagtema	Alle pedagogar og foreldre på avdelinga / gruppa Kvar haust
Foreldrearrangement	Forut, haustfest, julelunsj, påskefrukost e.l. Fastsettast kvar haust på avdelingsvise foreldremøter. Sommarfest arrangerast kvart år. Foreldra har ansvar for mat på sommarfest.	Alle barn, foreldre og tilsette
Dugnad	Vedlikehald og oppgradering på uteplassen	Alle foreldra Ved behov
Foreldresamtalar	Utveksling av observasjonar og vurderingar knytt til helsa, trivselen, erfaringane, utviklinga og læringa til det einskilde barnet. Råd og rettleiing til foreldre Både foreldre og barnehagen kan melde behov for samtale.	Pedagog med kontaktansvar og foreldre til det einskilde barn Minimum ein gong per år i oktober / november. Elles ved behov
Velkomstsamtalar	Etablere relasjon og dialog mellom barnehagen og foreldre, informasjon om barnet til barnehagen, dialog om forventningar	Pedagog med kontaktansvar og foreldre til nye barn.
Overgangssamtalar	Overgangen frå småbarn til storbarnsavdeling, dialog om forventningar	Pedagog med kontaktansvar og foreldre til barn som får overgang frå småbarn til storbarn.
Bringing og henting	Utveksle generell informasjon om arbeidet i barnehagen, samt informasjon om det einskilde barn	Barn, foreldre og tilsette på barnet si avdeling Dagleg
Telefon og epost	Utveksle informasjon, samt høve for foreldre til å stille spørsmål og ta opp saker	Pedagog med kontaktansvar og foreldre Ved behov
Heimeside	Informasjon om barnehagetenesta i kommunen og generell informasjon om Harøy barnehage; vedtekter, foreldrebetaling, årsplan, kontaktinformasjon m.m	Alle foreldre og tilsette Kontinuerleg
IST dagleg dialog	Informasjon om særskilte saker eller tema, referat frå SU-møter, foreldremøter, barnehagrute, påminning om fristar m.m. Registrering og kartlegging av barna sine ferie, opphaldstid, henteavtalar osv Informasjon omd et pedagogiske arbeidet, utsending av årsplan, periodeplan m.m	Styrar, pedagogar og alle foreldre Kontinuerleg
Informasjonsskriv	Informasjon om særskilte tema eller saker. Sendast ut på mail eller leggst på Informasjonssider for foreldre på facebook.	Alle foreldre og tilsette Ved behov
Oppslag og dokumentasjon på whiteboard, garderobe, avdeling	Informasjon om det daglege pedagogiske og faglege innhaldet i barnehagen	Alle foreldre og tilsette Ved behov
Nasjonal foreldreundersøking i barnehagen	I Foreldreundersøkinga får foreldre seie si meining om barnehagetilbodet, barna sin trivsel og samarbeidet mellom heimen og barnehage.	Alle foreldre Annakvart år i november



## Samarbeid mellom barnehagen og andre aktører

Regjeringen forventer – at kommuner og fylkeskommuner arbeider målretta for ein felles kultur for samarbeid på tvers av tenestene for å gi barn og unge som treng det, et helskapeleg tilbud. Godt tverrfaglig samarbeid handlar om at ulike fagmiljø arbeid saman og ser tilboda til barn og unge i samanheng  
(Meld.St. 6, 2019-2020, s. 6)

I Ålesund kommune samarbeidar barnehagane tverrfagleg med ulike aktører som til dømes PPT, Barneverntenesta, Helsestasjonar, skular m.m.

Barnehagen følger dei kommunale retningslinjene for tverrfagleg samarbeid ved behov for utvida samarbeid med andre kommunale tenester og hjelpeapparat. Det er utarbeidd kommunale prosedyrer knytt til oppmelding til PPT, søknad om spesialpedagogiske vedtak, søknad om tilretteleggingsvedtak, bekymringsmelding til barnevern m.m. I tillegg vert det arbeidd med prosedyrer knytt til pedagogisk fagteam innanfor kommunalområde opplæring.

Vi ønsker å legge vekt på å nytte nærmiljøet aktivt, gjere barna kjent med både lokale tradisjonar, samfunnsinstitusjonar og arbeidsplassar, slik at barna opplever tilhøyrslø til lokalmiljøet og heimstaden. Barnehagen går på turar til Harøy bibliotek for å låne bøker og for å delta på aktiviteter som biblioteket inviterer til. Vi går på gardsbruk i nærområdet, der vi får oppleve både storgardsdrift på Harnesmyr gard, men også den lille hønsegarden på «Tokla». Barnehagen samarbeider og med lokalt brannvesen i samband med brannvernveka, samt med Harøy skule om jobbskygging, praksisplass og lokal utdanningsmesse.



Barnehagen samarbeider med Harøy helsestasjon, både på generell basis og knytt til oppfølging av einskildbarn. I samband med 4-årskontroll er det utvikla eit utvida samarbeid mellom foreldre, helsestasjon og barnehage. Målsettinga er å kunne gje 4-årskontrollen betre kvalitet og ei meir heilskapleg vurdering av kvart barn. I forkant av 4-årskontrollen gjennomfører barnehagen foreldresamtale. Etter samtykke frå foreldra kan barnehagen bidra med moment frå denne i 4-årskontrollen. Det kan og vere moment frå helsesøster si kartlegging som barnehagen bør informerast om. I høve der barnet og/eller familien treng utvida hjelpetiltak frå kommunale tenester eller andre, kan det vere aktuelt at helsestasjonen og barnehagen samarbeider tettare omkring informasjon og tiltak.

## Teieplikt, opplysningsplikt og avvergeplikt

Barnehagelova § 44 pålegg teieplikt om forhold dei tilsette i barnehagen blir kjent med gjennom si stilling (jf. Fvl. § 13). Teieplikta er ein viktig føresetnad for at barnehagen skal bli informert om opplysingar i høve familieforholda til barn som kan vere avgjerande for opphald, trivsel og utvikling i barnehagen.

Barnehagelova § 46 pålegg tilsette i barnehagen, utan hinder av teieplikt, å gi opplysingar til barnevernstenesta når det er grunn til å tru at det fins mishandling av barn i heimen eller andre formar for alvorleg omsorgssvikt, også kalt meldeplikt. I tillegg skal ein gi opplysingar til barneverntenesta når ein bli bedd om det.

Ifølge straffelovens generelle bestemming om avverge, §196, er einkvar forplikta til å søke å avverge ei straffbar handling eller følgjene av den, på eit tidspunkt då det fremdeles er mogleg, og det framstår som sikkert eller mest truleg at handlinga er eller vil bli begått. Den generelle avvergingsplikta gjeld også tilsette i barnehagen

Alle tilsette i barnehagen har godkjent politiattest.

## Overgangar

### Når barnet byrjar i barnehagen

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og godt start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn (Rammeplanen kap 6)

I Harøy barnehage gjer vi det slik..

Vi legg til rette for tilvenning for barn og foreldre så lenge det er behov for det, og organiserer barnehagedagen slik at barna er i små grupper når dette er mogleg. Vi oppmodar foreldre om å nytte lang tid på tilvenninga, og kontaktar foreldre tidleg dersom vi ser at barnet ikkje slår seg til ro dei første dagane. Vi legg vekt på å dele vår kunnskap og erfaring om tilvenning med foreldre, samstundes som vi prøver å legge til rette også for foreldra sine behov knytt til eige arbeid. Personalet og foreldre må ha god dialog, slik at vi i fellesskap kan ha barnet sitt beste som grunnleggande prinsipp.

Dei første dagane i barnehagen rådar vi foreldre til å vere saman med barnet heile dagen. Vi legg stor vekt på å ha eit mest mogleg stabilt personale gjennom heile året, men dette er særleg viktig for dei yngste, og for barna som er nye. Ved å legge til rette for at nokre faste tilsette er saman med dei nye ved oppstarten, kan barnet gradvis etablere relasjonar til personalet. Pedagogane med kontaktansvar avtalar vidare med foreldra når vi prøvar å ta avskjed første gong, og kor lenge foreldra er borte frå barnet dei første dagane. Dette må tilpassast individuelt i høve barna sine behov og kor trygg barnet er i den nye barnehagekvardagen.

Vi legg vekt på å innhente god informasjon frå foreldre om barnet, slik at personalet får eit best mogleg utgangspunkt til å forstå og tolke barnet sine signal, uttrykk og behov.

I tida før og under oppstart har vi fleire rutinar som skal bidra til å skape dialog, tydelege forventningar og god informasjonsutveksling med heimen:

- Felles foreldremøte for alle i løpet av våren før nytt barnehageår tek til.
- Besøksdagar for nye barn og foreldre i løpet av våren før oppstart. Vi ønsker å legge til rette for fleire besøksdagar før oppstart, men dette vil avhenge av tilgjengelege personalressursar
- Velkomsthefte med generell informasjon om barnehagen sendast ut til alle nye via e-post
- Informasjon om avdelinga barnet skal vere på sendast ut til alle via e-post
- Det sendast ut samtykkes-skjema via IST
- Pedagogar har velkomstsamtale via telefon med alle nye foreldre i forkant av oppstart. Pedagogane tek utgangspunkt i felles mal for velkomstsamtalen, som inneheld moment som t.d. råd om oppstart og tilvenning, foreldre sine forventningar om oppstart, barnet si utvikling og behov knytt til mat, søvn/kvile, eventuelle allergiar, nasjonalitet og avtale om tid for tilvenning.

Særleg viktig i tilvenningsperioden er tryggleikssirkelen som er utarbeidd av Cooper, Hoffman, Marvin og Powell. Denne modellen kan forståast både som ei tilnærming, ein modell og ein konkret metode for å utvikle trygg tilknytning; trygge relasjonar mellom barn og omsorgspersonar.

## Overgongar i barnehagen

Personalet skal sørge for at barnet og foreldra får tid og rom til å bli kjende med andre barn og anna personale når eit barn byter gruppe (Rammeplanen kap 6)

I Harøy barnehage gjer vi det slik..

Vi legg vekt på å sjå barnehagen som ein heilskap, og samarbeider på tvers av avdelingane gjennom heile året. Særleg samarbeider vi på morgon og ettermiddag i høve god utnytting av personalressurs. Fleire i personalet arbeider på meir enn ei avdeling i løpet av ei veke, både som ein del av det faste personalet og knytt til vikarbehov. Dette medfører at barna etterkvart får etablere noko relasjon med personal på ulike avdelingar. Barnehagen har vidare innført opne dag mellom avdelingane ein gong per måned. Her får barna høve til å gjere seg kjent i heile barnehagen, verte trygg på fleire av personalet og leike saman på tvers.

I tida fram mot sommarbarnehage og ferieavvikling har vi fleire rutiner for å legge til rette for god overgang innad i barnehagen:

- Overgangssamtalar mellom pedagogar for einskildbarn som skal byte avdeling. Overgangssamtalen bygger på fastsatt mal for barnehagen, og inneheld moment tatt opp i foreldresamtalar, positive eigenskapar og styrker, interesser og behov for barnet, viktige vennskap for barnet m.m.
- Barn som skal byte avdeling er saman med den andre avdelinga i utetid, samt går på besøk saman med andre barn og personal til den andre avdelinga
- Pedagog med kontaktansvar har telefonsamtale med foreldre til dei som skal byte avdeling i forkant av oppstart, og gjer evt nødvendige avtalar omkring ny tilvenning
- Ved behov legg vi til rette for ny tilvenning ved overgang mellom avdelingar

I sommarbarnehagen er barn og personal saman på tvers av avdelingar, organisert med utgangspunkt i kven som er tilstades og kven som har ferie, tal på barn og personal, samt behov for

nedvask av avdelingar. Slik får barna gjennom sommaren verte kjent både med fleire barn og verte trygg på større delar av lokala i barnehagen.

## Overgangen mellom barnehage og skule

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga (Rammeplanen kap 6)

I Ålesund kommune er det utarbeida ein plan for overgang frå barnehage til skule som alle dei kommunale barnehagane følg.


I Harøy barnehage gjer vi det slik..

Vi legg vekt på å arbeide med overgangen frå barnehage til skule gjennom heile året, og lagar eigen plan for arbeidet i førskulegruppa. Vi prøver å legge til rette for at det skal verte ein mjuk overgang frå barnehagen til skulen, samstundes som vi legg vekt på barnehagen sin eigenart og verdien av leik og sosialt samspel som hovudarena for barna si utvikling i førskulegruppa.

I arbeidet med førskulegruppe nyttar vi materiell som «Trampoline», barnehage.salaby.no, og «Fortellinger om begrep», samt andre aktivitetar som kan gje motivasjon og lærelyst. Vi legg likevel vekt på at den viktigaste skuleførebuande aktiviteten dreier seg om å legge til rette for barns tryggleik og sjølvstende, førebu dei på kva som vert forventa av dei i skulekvardagen, arbeide med barna sin sosiale kompetanse og fellesskapet i gruppa.

Faste tradisjonar i arbeidet omkring førskulegruppa er:


- Foreldremøte på hausten med informasjon om kva som ventar barna ved skulestart.
- Besøk av første klasse i barnehagen tidleg på hausten
- Alle barna besøker skulen og SFO i løpet av året, barna vert kjent med skuleområdet inne og ute.
- 6-årstur på våren, der komande 1.klasse lærar vert invitert
- Overgangssamtalar mellom barnehage og skule/SFO, med utgangspunkt i felles mal. Det leggst i samtalen vekt på språkutvikling, barnet sine interesser og sterke sider, mestring i kvardagssituasjonar, samspel og relasjonar med andre barn og vaksne, interesse innanfor tal, bokstavar, omgrep, skrivning og lesing m.m



## Barnehagen som pedagogisk verksemd

Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd som skal planleggast og vurderast. Barn og foreldre har rett til å medverke i desse prosessane. (Rammeplan kap 7)

Vi legg vekt på å halde ein raud tråd i det pedagogiske arbeidet, og har utarbeidd ein illustrasjon på korleis dei ulike planane både heng saman, samstundes som det er planar på ulike nivå. Illustrasjonen viser og korleis planlegging må henge nært saman med observasjon og evaluering



## Planlegging

Barnehagen skal tenke og handle langsiktig og systematisk, og planlegginga må basere seg på kunnskap om barn sin trivsel og allsidige utvikling, individuelt og i gruppe (Rammeplan kap 7)

I Harøy barnehage gjer vi det slik..

Vi startar studiedagane kvar haust med å vurdere barna sin trivsel, interesser og den allsidige utviklinga deira ved hjelp av observasjonsmateriellet ALLE MED og felles refleksjon omkring dette. ALLE MED dekker 6 utviklingsområder; språkutvikling, leik, sosio-emosjonell utvikling, kvardagsaktiviteter, trivsel og sansemotorisk utvikling. I planleggingsarbeidet tek vi utgangspunkt i systemteoretiske perspektiv, som inneber at vi legg vekt på å forstå korleis ulike mekanismer, faktorar og moment i systemet påverkar utfordringar, meir enn å ha eit einseitig individperspektiv. Vi arbeider i denne prosessen med å sette ord på kva styrker, utfordringar og behov den aktuelle barnegruppa har.

Ut frå dette planlegg vi aktuelle fokusområder for barnegruppa framover, med relevante mål og tiltak for å skape kontinuitet og progresjon. Styrar og pedagogiske leiarar legg føringar for fokusområder / satsingsområde og årshjul i årsplan, og vi utarbeider felles mal for innkalling og referat for avdelingsmøter og pedagogmøter i tråd med dette. Kvar avdeling lagar ut frå dette pedagogisk plan for heile året, pedagogiske leiarar har ansvar for dette. Den pedagogiske plana vert konkretisert i periodeplanar gjennom året.

I barnehagen kan det og oppstå behov for tettare oppfølging av barn, barnegrupper eller faktorar i omgjevnadene i kortare eller lengre periodar. Systematisk arbeid og tidlege tiltak knytt til dette kan bidra til å hindre ei negativ utvikling, og vi prøver å finne så konkrete og målretta mål som råd. Her tek vi utgangspunkt Ålesund si prosedyre for kvalitet i barnehagen og verktya «Mal for undring» og «Mal for Frå undring til tiltak». Malane skal vere til hjelp i personalet sine prosessar frå tidleg undring over til undersøking, analyse, tiltak og evaluering.

## Vurdering

Hovudformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med lov og forskrift (Rammeplan kap 7)

I Harøy barnehage gjer vi det slik

Planlegging og vurdering heng nært saman, og vi nyttar ALLE MED som verktøy også i vurderingsarbeidet, kombinert med munnlege og skriftlege observasjonar, praksisforteljingar og felles refleksjonar, samt bruk av prosedyre for kvalitet i barnehagen. Vidare nyttar vi kartleggingsverktøyet TRAS ved behov for å vurdere barna si språkutvikling. Vi legg vekt på å nytte verktøyet dersom det er grunnlag for undring eller bekymring omkring eit barn si språkutvikling. TRAS-skjemaet har 8 område som er sentrale i språkutvikling; samspel, kommunikasjon, merksemd, språkforståing, språkleg medvit og produksjon knytt til lyd-, ord- og setningsnivå.

Planar for systematiske tiltak knytt til barnegruppa eller einskildebarn vert utarbeidd med tidsfrister for vurderingar knytt til mål, tiltak, framgang og vidare arbeid, samt eventuelle justeringar. Desse vurderingane og justeringene gjerast i fellesskap av personalet på avdelingsmøter, samt i dialog mellom styrar og pedagogar.

Vurdering av det pedagogiske arbeidet skjer kontinuerleg i det daglege arbeidet og på møter, samstundes som vi også gjennomfører meir systematisk vurdering kvart halvår. For å sikre at vi arbeider i tråd med Rammeplan om at vurderingsarbeidet skal bygge på refleksjonar som heile personalet er involvert i, legg vi vekt på å nytte IGP-metoden. Dette er ein metode der alle sine stemmer vert høyrd, og som involverer alle som aktive deltakarar. Metoden inneber at vi alltid arbeider i tre stadium; individuelt – gruppe – plenum.

Rammeplan for barnehagen trekker fram at erfaringane og synspunkta til barnet skal inngå i vurderingsgrunnlaget. Dette prøver vi å imøtekomme gjennom arbeidet og haldningane til barns medverknad, og ved å prøve å få auge på barna sine erfaringar, opplevingar og synspunkt gjennom observasjon, praksisforteljingar og felles refleksjonar, samt bruk av prosedyre for kvalitet i barnehagen.

Til grunn for vurderingsarbeidet legg vi og vekt på dialog og innspel frå foreldre gjennom dagleg bringe- og hentesituasjonar, foreldresamtaler og foreldremøter. Foreldresamtaler tek utgangspunkt i felles mal som bygger på temaområder i Alle med, i tillegg til generell dialog omkring barna sin trivsel og allsidige utvikling. Vidare leggast det i prosedyre for kvalitet i barnehagen opp til ei tidleg involvering av foreldre ved eventuell undring over det pedagogiske arbeidet eller utviklinga og trivselen hos einskildbarn.

## Dokumentasjon

Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i arbeidet med å planlegge, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda. Vurderingar i høve trivsel og allsidig utvikling skal dokumenterast når det er naudsynt for å gi eit tilrettelagt tilbod. Barn har rett til vern om sin personlege integritet. Foreldre har rett til å sjå og få utlevert dokumentasjon om eigne barn, og til å få sletta eller korrigert opplysingar som er feilaktige eller misvisande. (Rammeplan kap 7)

I Harøy barnehage gjer vi det slik

Vi legg vekt på at dokumentasjon skal vere eit verktøy for å gjere pedagogisk arbeid synleg og open for tolking, dialog, diskusjon og innsikt. Dokumentasjon av barnehagen sin praksis vert pedagogisk dokumentasjon når personalet og barna reflekterer over og diskuterer den. Gjennom denne arbeidsmåten kan vi koble saman verdiar, praksis, barnehagen sitt mandat og pedagogiske og filosofiske teoriar, for å utfordre og vidareutvikle personalet sin kompetanse og praksis.

Arbeidet omkring Alle med, skriftlege observasjonar, praksisforteljingar, prosedyre og malar knytt til kvalitet i barnehagen, samt eventuelle andre kartleggingsverktøy som TRAS, inneber alle noko dokumentasjon både knytt til barnegruppa og til einskildbarn. Dette er nødvendig for å kunne arbeide systematisk og målretta for å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med lov og forskrift. Delar av dokumentasjonen er interne arbeidsdokument som skal bidra til å utvikle gode mål og tiltak i det vidare arbeidet, og vert makulert når arbeidet er ferdig. Denne dokumentasjonen vil også vere anonymisert i den grad det omhandlar personopplysningar. Anna dokumentasjon kan vere sentralt å ta vare på for vidare oppfølging i eit lengre tidsperspektiv. Dette gjeld t.d dokumentasjon frå foreldresamtaler og dokumentasjon knytt til uro eller bekymring om eit barn sin trivsel og utvikling. Slik dokumentasjon vil kunne vere skjema for undring knytt til einskildbarn, pedagogisk rapport, eventuelle oppmeldingar til PPT og individuelle pedagogiske planar. Dette er dokumentasjon som vil ligge i barnet si mappe, og det leggast vekt på å verne om barnet sin integritet og å ha eit etisk perspektiv i dette arbeidet. Utarbeiding av slik dokumentasjon vert og gjort i samråd med foreldre. I

tillegg kan det vere nødvendig å ta vare på einskildobservasjonar relatert til mistankar om vald og overgrep.

Dokumentasjon vert i tillegg til oppfølging, vurdering og justering av det pedagogiske arbeidet også nytta til å synleggjere barnehagekvardagen, aktivitetar og det barn opplever og erfarer, og det pedagogiske arbeidet. Dette gjer vi gjennom bruk av bilete og tekst som hengast opp i barnehagen, og som leggst i barna sine permar. I permanente legg vi og teikningar og anna som barna lagar.

## Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet for barn som treng ekstra støtte

Barnehagen skal tilpasse det allmennpedagogiske tilbodet etter barna sine behov og føresetnadar, også ved behov for ekstra støtte i kortare eller lengre periodar.

Barnehagen skal arbeide målretta og systematisk for at barn som treng ekstra støtte får eit inkluderande og likeverdig tilbod, og slik vere ein del av eit meningsfullt fellesskap.

Om det er grunn til å tru at barnet sitt behov ikkje kan dekkast innanfor det allmennpedagogiske tilbodet, skal barnehagen opplyse foreldra om retten til å krevje ei sakkyndig vurdering av om barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp. Barnehagen skal sørge for at barn som mottek spesialpedagogisk hjelp, inkluderast i barnegruppa og i det allmennpedagogiske tilbodet.

(Rammeplan kap 7)

### Prosjekt «tidleg innsats og spesialpedagogisk hjelp»

Ålesund kommune ynskje å gi alle barn eit likeverdig tilbod med høg kvalitet og god praksis. Eit likeverdig tilbod vil krevje både tilretteleggingar og lokale tilpassingar av innhald. Tidleg innsats handlar om eit godt pedagogisk tilbod og tilpassa omsorg til alle barn. Kvaliteten handlar om dei opplevingar og erfaringar både barn, foreldre og tilsette har av tilbodet som vert gitt, og blir skapt gjennom samhandling.

Formålet med prosjektet er å:

- styrke det allmennpedagogiske arbeidet.
- å auke bruk av ressursar på førebyggjande arbeid og kunne møte behov til fleire av barna innanfor det ordinære barnehagetilbudet.
- etablere nytt felles system for organisering og oppfølging av individuelle vedtak for spesialpedagogisk hjelp og tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne.

Vi ynskje ei heilskapleg tilnærming til arbeidet. For oss handlar heilskapleg tilnærming om at barn sine uttrykk forståast i lys av både individuelle føresetnadar og omgjevnadane og miljøet barnet er ein del av. Dette gjer at vi viser interesse for alle element som kan påverke barnet si trivsel utvikling og læring.

I Harøy barnehage gjer vi det slik

Vi legg vekt på å bygge på kunnskap og felles refleksjon omkring barna sin trivsel og allsidige utvikling, både individuelt og i gruppe, og nyttar som nemnt ovanfor fleire verktøy i planleggings-, vurderings- og dokumentasjonsarbeid. Særleg viktig ved behov for individuell tilrettelegging er systematisk observasjon og vurdering gjennom bruk av prosedyre for Kvalitet i barnehagen, Alle med og TRAS. Kunnskapen vi gjennom desse kan innhente om barna sine behov, miljøfaktorar og relasjonelle perspektiv kan bidra til at mål og tiltak gjev positiv effekt for barna si utvikling.



Barnehagen sitt arbeid med planlegging og vurdering er viktige føresetnader for å kunne tilpasse det allmennpedagogiske tilbudet til barn etter behov.

Vi sett fokus på å arbeide i mindre grupper, t.d leikegrupper og språkgrupper, for å trygge og gjere barna meir kjent med kvarandre, samt skape auka rammer for at personalet kan vere støttande i leik, aktivitet og samspel for barna. Vi ønsker å legge til rette for at alle barn får delta i eit inkluderande og meningsfullt fellesskap, at barna får utvikle god posisjon og tilhørighet i gruppene, har leikevenner og får tilgang til leik og aktivitet. Vi legg og til rette for å implementere ASK som universelt tiltak.

Vi ønsker å arbeide i tråd med verdisyn knytt til funksjonelt mangfald, dvs eit verdisyn som inneber at samfunnet fullt ut aksepterer at det er samansett av eit mangfald av unike individ, som alle har unike evner og behov. I dette ligg det ein tanke om at rammene i fellesskapet må vere så vide at alle kan delta med dei føresetnadene dei har. Vi legg og særleg vekt på at det skal vere samanheng mellom det allmennpedagogiske arbeidet, tilpassing og tilrettelegging for barnegrupper eller einskildbarn og eventuelle spesialpedagogiske vedtak.

## Arbeidsmåtene til barnehagen

### Progresjon

Barnehagen skal legge til rette for progresjon gjennom val av pedagogisk innhald, arbeidsmåtar, leiker, materiale og utforming av fysisk miljø (Rammeplan kap 8)

I Harøy barnehage gjer vi det slik

Vi legg vekt på å legge til rette for progresjon med utgangspunkt i alder, barna sine individuelle føresetnader og modning. Vi bygger på og utvidar barna sine interesser, og prøvar å tilrettelegge slik at barna både kan gjenkjenne, gjenta og fordjupe seg i ulike tema, aktiviteter og leiker. Vi ønsker at alle barna skal ha gode opplevingar av mestring i barnehagedagen.

Vi arbeider med utgangspunkt i både langsiktige planar, og kvardagen her og no. Det fysiske miljøet, møblering, val av leiker og utforming av leikemiljø bygger på barna sine interesser og behov.

Med utgangspunkt i ICDP (kvalitet i samspel), legg vi m.a. vekt på å finne barna si næraste utviklingssone (Vygotskij), og at personalet skal vere støttande stillas i barna si utvikling. (Bruner).

Vi legg vekt på å sjå progresjon i samband med vurdering, og at dette skal bygge på observasjonar og refleksjonar som heile personalgruppa er involvert i. Vi forstår progresjon som ei jamn utvikling med glidande overgangar mellom aldersgruppene. Vi tek utgangspunkt i barn sine interesser og eksisterande kunnskap, bygg vidare på dette, gir meining til det barna opplever, for så å utdjupe og utvide barna sin kunnskap. Denne måten å sjå progresjon på er i tråd med bruk av dialog 2, den meningssskapande og utvidande dialogen, i ICDP

## Fagområda

Fagområda speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse. Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng, og alle fagområde skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen. Verdigrunnlaget til og formålet med barnehagen skal gje retning for og prege arbeidet med fagområda, og barna sin rett til medverknad skal varetakast. Leiken dannar eit viktig grunnlag for arbeidet med fagområda.


(Rammeplan for barnehagen s 47)

Målsettingar knytt til fagområda rettar seg mot barna sine opplevingar og deira heilskaplege læring og utvikling. Målsettingane er formulerte som prosessmål og ikkje kunnskapsmål, og det er sjølve læringsområdet og arbeidsmåtene knytt til det enkelte fagområdet som skal leggjast vekt på. Det vil seie at barna skal få oppleve.., bli kjent med.., erfare.., øve seg.., prøve ut.., ulike element innanfor kvart fagområde. Kvant fagområde dekkjer eit vidt læringsfelt og dei opptre sjeldan isolert, så det vil vere naturleg å arbeide tverrfagleg gjennom ulike tema og i kvardagssituasjonar. Med utgangspunkt i årsplan og årshjul planlegg avdelingane eit allsidig og variert pedagogisk tilbod ut frå barna sin alder og interesser. Barnegruppene sine samansettingar og føresetnader vil til ei kvar tid påverke korleis vi arbeider




## Kommunikasjon, språk og tekst

Vi ser på fagområdet Kommunikasjon, språk og tekst som gjennomgripande for alle aktivitetar i barnehagen, både planlagde og spontane. Det handlar mellom anna om nonverbal og verbal kommunikasjon, og korleis vi vaksne kommuniserer med og skaper rom for samtale med barna. Vi må sette ord på det som er rundt oss og det som skjer i kvardagen, og vi må hjelpe barn til å utvide eiga forståing. Dei vaksne må vere tydelege språkmodellar og bruke språk tilpassa barna sin alder og utvikling. Vi må gi barna varierte og rike erfaringar i kvardagen, og moglegheit for å kunne samtale om eigne opplevingar, tankar og kjensler. Vi må også legge til rette for barna sin eigen leik og aktivitet, der dei får bruke språket utifrå eigne opplevingar og føresetnader. I tillegg handlar dette fagområdet også om at barna får møte ulike tekster gjennom bøker og forteljingar, der vi utnyttar dei ulike fasane i ei lese- og forteljarstund (samtale og bevisstgjering før, under og etter lesing), samt at vi nyttar song, rim og regler som høver til aktivitetar og gjeremål i barnehagen, og at barna sjølve får rom til å vere skapande i kommunikasjon, språk og tekst.




## Kropp, rørslle, mat og helse

Fagområdet Kropp, rørslle, mat og helse handlar mellom anna om barna sine motoriske ferdigheiter og kroppskontroll, om variert kroppsleg aktivitet, om barna sine sanseerfaringar, og om godt kosthald, helse og livskvalitet. Arbeidsmetodane i barnehagen er t.d. at barna får øve på å meistre i høve alderen og øve på å verte sjølvstendige i dei ulike kvardagsaktivitetane som på- og avkledding, måltid, turgåing og leik. Barna får også ta del i utegrupper og turdagar, og vi ynskjer å ha eit bevisst forhold til bruk av barnehagen sitt nærmiljø. Vi tilrettelegg det fysiske miljøet inne, særleg med tanke på motorisk aktivitet for dei minste barna. Vidare vert barna kjent med sang og musikk med rørsler, og får på den måten kroppslege erfaringar knytt til ord og rytme. Barnehagen har smøremåltid der vi har fokus på god tid og ro til å ete, ein sunn og god mat, og god hygiene med mellom anna vask av hender før og etter mat.




## Kunst, kultur og kreativitet

Fagområdet Kunst, kultur og kreativitet handlar om at barna skal få oppleve kunst og kultur, samstundes som dei får høve til å vere kreative og kunne uttrykke seg estetisk. Vi ynskjer å ha blick for barna sin leik og barna si eiga kulturskaping, og at barna skal få oppleve gleden ved å skape noko i fellesskap med andre. Vi legg vekt på å tilrettelegge aktivitetar som høver til fagområdet etter barna sin alder og føresetnader, og vi ynskjer å ha fokus på barna sine prosessar i utforsking og eksperimentering med materiell. Bruk av foto vil vere eit viktig reiskap for å bygge vidare på det barna opplever og viser interesse for i kvardagen. Dette fagområdet vil vere med på å prege arbeidet med ulike tema som er knytt til tradisjonar, høgtider og merkedagar, og årshjulet vårt.





## Natur, miljø og teknologi

Fagområdet Natur, miljø og teknologi kan handle om opplevingar og det å få inspirasjon i naturen, om kjennskap og forståing for dyr, planter, landskap, årstider og ver, og om samspel mellom menneske og naturen og ei gryande forståing for berekraftig utvikling. Vi følgjer årstidene i barnehagen og arbeider med tema i høve dette, mellom anna å sjå på korleis naturen endrar seg i løpet av året. Vidare nyttar vi utegrupper og turgrupper, og vi går ofte på gardsbesøk der vi møter kyr, høns og kyllingar, og vi går i Mummiskogen der vi mellom anna kan følgje fuglelivet. Dei eldste barna har tilgang til datamaskin i leik og aktivitet. Vi ynskjer at barna skal få kjennskap til kildesortering og korleis vi kan ta vare på naturen, og korleis vi kan ta vare på barnehagen sine leiker og anna utstyr.



## Mengd, rom og form

Fagområdet Mengd, rom og form handlar om matematisk kompetanse som for eksempel tal og teljing, å utforske rom og form, finne samanhengar, plassering og system. Vi arbeider med fagområdet gjennom leik, eksperimentering og kvardagsaktivitetar. Det å rydde på avdelingane har også ein slik funksjon; barna sorterar og settar ting i system. Vi har bygge- og konstruksjonsleiker, puslespel, spel, bruk av data, og vi nyttar Mattemeisen med dei eldste. Teljing, mengde, størrelse, lokalisering, figurar, mønster og samanlikning er m.a. noko av det som er med på å prege samspelet i det daglege. Dei vaksne sitt fokus på, og korleis ein set ord på og viser tal, rom og form i det daglege, vert avgjerande for barna sine erfaringar i dette fagområdet




## Etikk, religion og filosofi

Fagområdet Etikk, religion og filosofi handlar mellom anna om korleis vi møter verda omkring oss, om verdier og haldningar, om religion og livssyn, og om mangfaldet i samfunnet vi lever i. Gjennom at barnehagen arbeider med tema som høver til året, og markerer høgtider og merkedagar, vil dette fagområdet ha ein naturleg plass gjennom heile året. Vi planlegg aktivitetar og brukar mellom anna sangar og bøker som høver til årshjulet. Vi ynskjer også å vere undrande og nysgjerrige vaksne som skaper undrande og nysgjerrige barn som reflekterer over og undrar seg over dei store spørsmåla




i livet som for eksempel livet og døden og naturfenomen. Vidare er etikk og filosofi viktige moment innanfor arbeidet med ICDP, der nære relasjonar mellom menneske står i sentrum.





## Nærmiljø og samfunn

Fagområdet Nærmiljø og samfunn handlar om å vere deltakande i eit demokratisk samfunn, om kunnskap og tilnytning til nærmiljø og lokalsamfunn, og om barn og media. Fagområdet er sterkt vektlagt i barnehagen gjennom det daglege arbeidet med ICDP og barn sin rett til medverknad. Fagområdet vert også arbeidd med gjennom turar og utegrupper, samarbeid med skule, bruk av bibliotek og idrettshall, brannstasjon, samt dialog og leik omkring spontane tema som butikk, arbeidsplassar, familien vår, sjø og fjøre, alt med utgangspunkt i barna sine interesser. Barnehagen arrangerer også ulike samankomstar gjennom året, og deltek på enkelte lokale arrangement. Barna får følgje nærmiljøet gjennom årstidene, og vi arbeider med miljøvern gjennom å plukke boss og rydde etter oss når vi er på tur



Harøy barnehage 25.09.22

Ingrid Huse – styrar

Godkjent i SU 19.10.23

## Kjelder

Rammeplan for barnehagen: <https://bit.ly/2RloJJp>

Barnehagelova: <https://bit.ly/2yd6svp>

Stortingsmelding nr 6: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-6-20192020/id2677025/>

FN`s berekraftsmål: <https://www.fn.no/Om-FN/FNs-baerekraftsmaal>

Barnekonvensjonen: <https://www.fn.no/Om-FN/Avtaler/Menneskerettigheter/Barnekonvensjonen>

Utdanningsdirektoratet 2017: Språk i barnehagen, mye mer enn bare prat  
<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/stottemateriell-til-rammeplanen/sprak-i-barnehagen--mye-mer-enn-bare-prat/>

Utdanningsdirektoratet 2018: Barns trivsel – voksnes ansvar. <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/stottemateriell-til-rammeplanen/trivselsveileder/#>

Foreldreutvalg for barnehagen (FUB): <https://www.fubhg.no/>

Statped. Statlig spesialpedagogisk tjeneste. Læringsressurser.  
<https://www.statped.no/laringsressurs/>